

ÅRBOGEN 2

KVARTSITTBRUDD FRA ELDRE STEINALDER

av Alice Sunde Kvalheim

Kommune og fylke	Harstad, Troms
Askeladden ID	281683
Museumsnummer	Ts16153
Kulturminnetype/ strukturer	Aktivitetsområde
Utgravningsleder	Alice Sunde Kvalheim
Feltledere	Kenneth Skaldebø og Emilie Grønnegaard Greve Jørgensen (GIS)
Feltmannskap	6 personer
Tidsrom	03.08 - 19.09.22
Dagsverk i felt	239 dv
Metode	Maskinell avtorving, konvensjonell steinaldergraving
Avtorvet areal	3189 m ²
Dv med maskin	16 dv
Utgravd areal (fordelt på lag)	Lag 12: 97,5 m ² Lag 34: 29m ² Lag 56: 9,75m ² Lag 78: 2m ² Lag 910: 2 m ²
Utgravd volum	14 m ³
Volum pr dagsverk	0,06 m ³
Hoh.	47-51 m
Funn	7720 littiske funn
C14-dateringer	8142 – 7817 f.Kr. og 835 – 802 f.Kr.
Datering	Fra eldre steinalder og frem til siste del av tidlig metalltid

BAKGRUNNEN FOR UNDERSØKINGANE

Lokaliteten Årbogen 2 er undersøkt i samband med prosjektet Arkeologi langs Hålogalandsvegen, men vart ikkje registrert under forundersøkingane til prosjektet. Lokaliteten vart oppdaga med ein tilfeldigheit. I grøfteskjæringa av denne vegen vart det oppdaga littisk materiale (Figur 1). Det vart difor grave fire prøvestikk langs kanten, på oppsida av grøfteskjæringa. Desse fire prøvestikka var alle positive, Troms og Finnmark fylkeskommune vart difor kontakta.

Den 20-21.09.2021 og 20-22.10.2021 vart det, i regi av fylkeskommunen, utført ein registrering av lokaliteten. Lokalitetens storleik vart vurdert til å vere vel 2600 m². Det vart grave totalt 29 prøvestikk, i tillegg til dei fire som var grave frå før av. Sju var positive, noko som gir oss totalt ni positive prøvestikk og lokaliteten vart avgrensa av desse. Under registreringane vart det hovudsakleg funne kvartsittavslag og anna avslagmateriale i varierende råstoff (kvarts/bergkrystall og ukjente bergartar). Nokre funn av flint vart det likevel, blant anna ei flekkekerne og eit flekkefragment. Funnet av mikroflekketeknikk, og lokalitetens høgde over havet, gjorde at



Figur 1 Tilkomsstvegen og grøfteskjæringa der lokaliteten ble oppdaget.

lokaliteten vart vurdert til å vere frå fyrste halvdel av eldre steinalder.

PLASSERING

Årbogen 2 er plassert i Tjeldsundet i Harstad kommune, Troms og Finnmark fylkeskommune (Figur 2). Lokaliteten ligg på mellom 47 og 55 moh., i ei slakt skråande fjellside. Lokaliteten ligg på same høgdemeter som lokaliteten Årbogen 1, men ca. 200 m lenger nordaust. I luftline ligg lokaliteten ca. 5,3 km sør/sørvest for Tjeldsundbrua, og 442 m opp i fjellskråninga, frå E10.


Lokaliteten ligg på gammalt beiteområdet i ei fjellside som i dag er dekkja av blandingsskog. Eit lite området av lokaliteten var fri frå tre då dette området hadde vorte nytta til slåttemark. Slåttemarka var lita og har vore slått med ljå. Grunneigar opplyser at denne ikkje har vorte nytta på lenge (antatt 10+ år). Lokaliteten ligg i ei slakt skråande fjellside, det einaste tilnærma flate området på lokaliteten er deler av den

tidlegare slåttemarka. Undergrunnen består av morenemasser avsett under førre istid. Desse moreneavsetjingane er usorterte og består av steinblokker i alle storleikar, småstein, grus, sand og silt. Morenen er ikkje spesielt kompakt og det er tydeleg at vatn og frost kan skape bevegelse i massane.

MÅLSETJING

PROBLEMSTILLING

I Troms og Nordland er det gjort svært få undersøkingar av lokalitetar som daterast til den eldste delen av steinalderen, dvs. før 5000 f.Kr. og materialteknologiske studiar har ikkje vore prioritert. Dette resulterer i at vi, til ei viss grad, manglar kunnskap om alle aspekt ved busetjingane, reiskapane og menneska som budde i området i denne tidsperioda. I prosjektplanen vart det òg lagt vekt på at lokaliteten truleg var godt bevart og at storleiken



Figur 2 Årbogen 2 sin plassering i Noreg

og funnmaterialet indikerte eit rikholdig og variert materiale. Dette kan gjenspeile gjentatte opphald og/eller intensiv bruk, over eit større område. På prosjektet har det vore undersøkt fleire steinalderbusetjingar, men ingen ser ut til å datere frå den preboreale perioden av eldre steinalder, slik denne lokaliteten verkar å vere.

På bakgrunn av dette vart Årbogen 2 vurdert til å ha stor forskingsmessig verdi.

PRIORITERINGAR OG STRATEGIAR

Vi sat oss som mål å samle inn so mykje av det littiske materialet frå lokaliteten som mogleg. Dette fordi vi ville dokumentere horisontal og vertikal utbreiing, ha eit stort materiale for potensielle littiske analyser og for å typologisk datere materialet så godt som mogleg, dette kan fortelje oss noko om mengda, og lengda, på besøk.

Storleiken på lokaliteten gjorde at vi visste vi måtte ta nokre harde val om kva område som skulle prioriterast. Vi diskuterte ulike potensielle strategiar i forkant av undersøkinga, men vart raskt einige om at vi måtte vente til vi fekk opna lokaliteten då vi ikkje visste kor stor del av flata som var funnførande. Etter opning var det tydeleg at vi hadde fleire avgrensa funnkonsentrasjonar. I tillegg hadde vi ei flate på nedsida av vegen utan tydelege konsentrasjonar, eller spesielt mange funn i toppen, men under forundersøkingane vart det registrert funn i området.

Hovudprioritet skulle vere å totalgrave minst to av funnkonsentrasjonane. Dette ville vi gjere for å samle inn så heile reduksjonssekvensar som mogleg. Vi prioritere å undersøke flata på nedsida/aust for tilkomstvegen, for å vere sikre på at det ikkje var nokre funnkonsentrasjonar på dette området. Elles valte vi å måle og ta inn alle funna vi såg i overflata. Dette for å dokumentere den horisontale funnspreiinga og funnkonsentrasjonane på feltet, samt å utvide mengda littisk materiale som kan inngå i teknologiske analyser.

Prosjektplana og prioriteringane vart fylgt på lokaliteten utan problem. Vi fekk grave fire av funnkonsentrasjonane, dobbelt så mange som «minimumskravet» på to stk., som vi hadde stipulert i forkant av undersøkinga.

UNDERSØKINGSMETODE OG DOKUMENTASJON

FELTMETODE

Det var usikkert kor djupt nede funna låg og om det var noko form for stratigrafi. Under avtorving og oppreinsk såg vi at undergrunnen bestod av sediment i ulik storleik, og desse verka ikkje vere sorterte på noko vis (Figur 3). Den vart generelt svært våt og stadvis bestod av lite kompakte og lett bevegelege sediment. Det var heller ikkje teikn til organisk materiale i dei funnførande sedimenta. Vi reinska opp grøfteskjæringa og etablerte to profilbenkar her, desse viste ikkje noko fom for stratigrafisk inndeling utover naturleg utvasking og utfellingslag. Dei relativt tydeleg avgrensa funnkonsentrasjonane på lokaliteten vart undersøkt ved hjelp av rutegraving. På nedsida av tilkomstvegen hadde vi ikkje identifisert nokre funnkonsentrasjonar, men det hadde vorte gjort funn her under forundersøkingane. Vi grov difor nokre testruter for å undersøke området. Det vart ikkje funne nokre form for konsentrasjonar eller stratigrafi, dette området vart difor ikkje undersøkt vidare.

PRØVEUTTAK

Vi fann svært lite daterbart materiale på lokaliteten og det vart ikkje tatt nokre systematiske dateringsprøver. Grunnen til dette er at det ikkje vart identifisert nokre strukturar, eller lag, som ein meinte hadde gode sjansar for å innehalde daterbart materiale. Undergrunnen generelt gav veldig dårlege bevaringsforhold på lokaliteten. Vi vart einige om at vi måtte ta inn



Figur 3 Arbeidsbilde, viser undergrunnen på lokaliteten.

kol frå kvadrantane, dersom dette vart observert under graving. Vi fekk inn ei slik prøve, dei to andre prøvane vart plukka ut av såldet. Desse tre prøvane er dei einaste som vart samla inn frå lokaliteten.

Det vart ikkje tatt nokre andre prøver då undergrunnen var av ein slik karakter at lite har vorte bevart.

OBSERVASJONAR OG RESULTAT

Årbogen 2 vart ein svært stor lokalitet og funngjennomgangen gjerast per funnkonsentrasjon. Desse vart målt inn med kvar sin individuelle intrasis-id. Her etter vil vi omtale konsentrasjonane som funnkonsentrasjon 1, 2, 3 osv.


Ingen sikre strukturar vart registrert på lokaliteten. Ved Funnkonsentrasjon 1 valte vi likevel å måle inn eit område som vi vurderte til å mogleg vere rydda. Området ligg i hovudsak rett sør for funnkonsentrasjonen, men strekk seg

også litt inn i den. Det er usikkert om ryddinga, dersom området er intensjonelt rydda, er relatert til den forhistoriske aktiviteten på flata. Det går ein traktorveg gjennom den sørlege delen av dette området, og ryddinga kan vere eit resultat av etableringa av denne vegen.

STRATIGRAFISKE FORHOLD

Som nemnt tidlegare er lokaliteten dekkja av morenemasse og stratigrafien som vi klarte å sjå er naturleg. Profilen i grøfttekanten er ein naturleg podsol profil som består av

1. Delvis utvaska lag
2. Svært utvaska lag
3. Utfellingslag.



Figur 4 Dei ulike funnkonsentrasjonane på lokaliteten (med ID-nummer).

FUNNGJENNOMGANG

Årbogen 2 vart ein lokalitet med eit omfattande littisk materiale. Gjenstandane kjem hovudsakleg frå ulike funnkonsentrasjonar og desse konsentrasjonane har fått egne Id-nr (Intrasisnummer). Materiale vil difor verte presentert for kvar av konsentrasjonane. Id-nummera til konsentrasjonane er lange, så for å forenkle skrivinga har vi kalla desse for funnkonsentrasjon 1, 2, 3, 4 og 5 (Figur 4).

Funnkonsentrasjon 1 (Id 36159).

Materialet frå dette området er katalogisert under Ts16153, med kontekst-Id 36159. Frå området vart det registrert 3783 littiske gjenstandsfunn (Tabell 1).

Materialet består i all hovudsak av funn av kvartsitt, men der er óg mindre innslag av kvarts, chert og flint. Blant kvartsitten finn vi typene blandet, blå, fin og sort; samla utgjer desse 96,35% av det totale materiale frå området. Kvarts utgjer 3,04%, chert utgjer 0,37% og flint utgjer 0,24%.

Den største funnkategorien på området er vanlege avslag, og desse utgjer 97,94% av materialet. Kjerne utgjer til saman 0,45% og sekundært tilverka gjenstandar står for 0,87% av materialet.

Avslag/fragment og flekker

Det er registrert totalt 3705 vanlege avslag på området, i tillegg har vi to bipolare avslag. Frontfornyingsavslag og plattformavslag vil bli diskutert under kjerne og kjernemateriale.

Av dei vanlege avslaga er 79% i storleiken 0-2 cm, 19% (2932 stk.) i storleiken 2-5 cm (688 stk.) og 2% (85 stk.) i storleiken over 5 cm. Begge dei bipolare avslaga er i storleiken 2-5 cm.

Flekkematerialet frå området består av tre flekke og ei mikroflekk. Ei flekke er av brent flint, dei to andre er av fin kvartsitt. Mikroflekka er av blandet kvartsitt.

Kjerne og kjernemateriale

Av kjernemateriale frå området har vi fire ulike kjernetypar, frontfornyingsavslag og plattformavslag.

Totalt 17 kjerne vart registrert på området; ei bipolar, ei uregelmessig og 15 plattformkjerne – alle av kvartsitt. Den bipolare kjerna har den klassiske puteforma, og er laga av sort kvartsitt.



Figur 5 Ei plattformkjerne (kvartsitt) frå funnkonsentrasjon 1

Kjerna er dermed ikkje av det same råstoffet som dei to bipolare avslaga; desse er av blandet chert og blandet kvartsitt. Den uregelmessige kjerna er laga på ein mindre knoll av blå kvartsitt. Knollen er slått i fleire retningar og ei tydeleg plattform vart aldri etablert, kjerna vart forkasta.

Dei 15 plattformkjernane variera i storleik og utforming. Fem av desse kjernane har den same reduksjonsstrategien og det er eit spissvinkla, ein-sidig konsept. Både ein- og topola kjerne er representert. Kjernane er relativt små i storleiken, den største måler 6,9 cm i lengde og den minste måler 2,5 cm i lengde. Resten av kjernane er delvis uformelle, nokre har eit meir tradisjonelt plattformkonsept, men med svært lav kjernefront (Figur 5). Nokre er meir rotete i si utforming og er slått i fleire retningar, men har gjerne ei hovudplattform. Blant den siste typen er det observert konveks plattform.

Sekundert tilverka materiale

Av reiskapar inneheld området spissar, bor, skrapar, stikkel og retusjerte avslag.

Det vart identifisert seks spissar på dette funnområdet, fem tangespissar og ein flateretusjert spiss.

Den flateretusjerte spissen er produsert av sort kvartsitt av god kvalitet. Spissen har rett basis, er 4 cm lang, og 1,8 cm brei på det breiaste (ca. 0,5 cm over basis)(Figur 6).

Gjenstand	Chert, blandet	Chert, grå	Chert, sort	Flint, grå	Flint, lys fin	Flint, mørk fin	Flint, brent	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Total	%
Primært tilverka														
Avslag			8	2	1	2		111	676	1028	884	993	3705	97.94%
Avslag, bipolar	1								1				2	0.05%
Avslag, frontfornyng									2	1	1	2	6	0.16%
Avslag, plattformavslag											3		3	0.08%
Flekkje							1				2		3	0.08%
Mikroflekkje									1				1	0.03%
Fragment								4		1	2	3	10	0.26%
Kjerne, bipolar												1	1	0.03%
Kjerne, plattformkjerne										3	4	8	15	0.40%
Kjerne, uregelmessig										1			1	0.03%
Sekundært tilverka														0.00%
avslag, retusjert		1	3	2	1					6	7	3	23	0.61%
Bor, av avslag										1			1	0.03%
Skraper, av avslag			1							1			2	0.05%
Spiss, flateretusjert eller kanthugd med rett, konkav eller konveks basis											1		1	0.03%
Spiss, slått annen med tange									1		4		5	0.13%
Stikkel, midtstikkel										1			1	0.03%
Annet														0.00%
råstoffblokk										1	2		3	0.08%
Grand Total	1	1	12	4	2	2	1	115	681	1044	910	1010	3783	100.00%
%	0.03%	0.03%	0.32%	0.11%	0.05%	0.05%	0.03%	3.04%	18.00%	27.60%	24.05%	26.70%	100.00%	

Tabell 1 Materialet frå funnkonsentrasjon 1 (36159)

Fire av tangespissane er produsert av avlange/flekkeliknande avslag av kvartsitt med generelt god kvalitet (Figur 7).

Ts16153.1293 er den einaste spissen produsert på ei flekke, flekka ender naturleg i ein spiss. Spissens egg er i distalen, denne er ikkje retusjert og tange er etablert i proksimalen ved lett retusj på begge sidekantar. Slagflate og slagbule er bevart. Spissen er knekt i to, men måler totalt 3,1 cm i lengde og 1 cm i breidde.

Spissen registrert under Ts16153.1229 er også heil, har ein naturleg spiss, og tangen er etablert ved relativt kraftig retusj på begge sidekantar. Truleg tange i proksimalen, men noko

usikkert då den ikkje har bevart slagflate eller slagbule. Spissen har to små brot i eggen, mogleg skade etter å ha vorte skoten. Den måler 2,8 cm i lengde og 1,4 cm i breidde.

Spissen registrert under Ts16153.1537 er også heil, har ein naturleg spiss og tilverka tange i proksimalen. Tangen er etablert med retusj på den eine sidekanten, men det er usikkert om den andre også har retusj. Slagflate og slagbule er bevart. Spissen er knekt i to, men måler totalt 2,2 cm i lengde og 0,9 cm i breidde.

Spissen registrert under Ts16153.1500 er truleg produsert på eit avslag, men avslaget har flekkeliknande negativar på dorsal side.



Figur 6 Flateretusjert spiss frå funnkonsentrasjon 1

Tangen har retusj på begge sidekantar, men mykje kraftigare retusj på den eine, enn den andre. Tangen ser også ut til å ha eit brot; det er ikkje bevart slagflate eller -bule, dette gjer at vi mistenker bruk av dobbel mikrostikkelteknikk i etablering av tangen. Dette er den einaste spissen med retusj i eggen. Retusjen kjem frå dorsal side og går nesten vassrett over eggen. Spissen måler 1,8 cm i lengde og 1,2 cm i breidde.

Den siste spissen (Ts16153.1172) er fragmentert (eggen manglar). Spissen er truleg produsert på eit avslag, og eggen har truleg vore i den distale enden då eggen har vore i den tynnaste delen av avslaget. Tangen er etablert ved retusjering på begge sidekantar. Tangen har eit brot slik at både slagflate og slagbule manglar. Vi ser det som sannsynleg at det er nytta dobbel mikrostikkelteknikk i etableringa av tangen. Spissen målar 2 cm i lengde og 1,5 cm i breidde.

Boret er tilverka på eit avslag av kvartsitt og er svært lite. Borspissen er tilverka ved retusj frå ventral side. Gjenstanden har ikkje propellretusj, men er likevel tolka som borspiss (mogleg



Figur 7 Tangespisser frå funnkonsentrasjon 1

stikkelfunksjon óg) då den er tydeleg retusjert til ein spiss. To skraparar av avslag var registrert, ein av chert og ein av kvartsitt. Kvartsittskraparen er unormalt stor og er produsert av eit kraftig avslag. Ein kraftig midtstikkel laga på eit avslag av blå kvartsitt vart også registrert.

Funnkonsentrasjon 2 (ID 36571)

Materialetfrådetteområdetvartkatalogisert under Ts16153 med kontekst-Id 36571 (Tabell 2). Kvartsitt er igjen det dominerande råstoffet og står for 93,2 % av materialet. Vi har også mindre innslag av råstoffa bergart, bergkrystall, chert, flint og kvarTs

Avslag/fragment og flekkemateriale

Vanlege avslag er den dominerande funnkategorien på området med 954 enkeltfunn (97,6 %). Av desse er 897 av kvartsitt, 14 av kvarts, 29 av flint, 11 av chert og 3 av bergart. Det er også registrert eit bipolar avslag og to plattformavslag. Plattformavslaga vil bli diskutert under kjerne og kjernemateriale. Av dei vanlege avslaga er 723 stk. innafor storleikskategorien 0-2 cm, 191 stk. er innafor 2-5 cm og 40 stk. er over 5 cm.

Det vart berre registrert ei enkelt flekke på dette området, og det var eit stort proksimalfragment av mørk fin flint.

Kjerne og kjernemateriale

Frå dette området vart det registrert seks kjerne og to plattformavslag.

Ei kjerne er bipolar og er av bergkrystall. Denne har ei klassisk puteform og er heilt oppbrukt. Ei kjerne er ei plattformkjerne som er tilverka på ei mindre blokk av sort kvartsitt. Kjerna har produsert avslag på ein plattformvinkel på nesten 45°. Kjerna er forkasta etter at to avslag har enda i brot/hengsel. Mogleg einsidig, spissvinkla konsept, men noko vanskeleg å avgjere kva som er reduksjon og kva som er preparering. Resten av kjernane er uregelmessige, har produsert avslag, og er slått i fleire retningar utan noko tydeleg hovudplattform, eller reduksjonsstrategi.

Plattformavslaga er klumpete plattformkantar av sort kvartsitt og kjem truleg frå avslagskjerne.

Sekundært tilverka materiale

Av sekundært tilverka materiale har vi identifisert tre retusjerte avslag, ein borspiss, to skraparar og ein spiss (Figur 8).

Av dei retusjerte avslaga er to av mørk fin flint; eitt har konkav kantretusj og eitt har rett kantretusj. Det siste retusjerte avslaget er av sort kvartsitt og har rett kanteretusj. Borspissen er tilverka av eit avslag av grå chert, avslaget har både retusj og bruksspor.

Den eine skraparen er tilverka på eit avslag av fin kvartsitt. Avslaget har eit brot i distalen og dette brotet har steil retusj/skraparretusj. Den andre skraparen skil seg ut og er av grå flint. Den er tilverka på eit kraftig avslag slått av ei skiveøks. Avslaget har tydeleg rest etter tynningsavslag frå ryggen til øksa. Avslagets eine sidekant har også den karakteristiske kanttrimminga. Den andre sidekanten er laga om til skraparegg gjennom

Gjenstander	Bergart	Bergkrystall	Chert, grå	Chert, sort	Flint, grå	Flint, lys fin	Flint, mørk fin	Flint, brent	Kvarts, røykkvarts	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Grand Total	%
Primært tilverka																
Avslag	3			11	17	3	8	1	1	13	455	60	46	336	954	97.65%
Avslag, bipolar					1										1	0.10%
Avslag, plattformavslag													2	2		0.20%
Flekkje							1								1	0.10%
Fragment									1						1	0.10%
Kjerne, bipolar		1													1	0.10%
Kjerne, plattformkjerne													1	1		0.10%
Kjerne, uregelmessig											3		1	4		0.41%
Sekundært tilverka																
Avslag, retusjert							2							1	3	0.31%
Bor, av avslag			1												1	0.10%
Skrapear, av avslag					1								1	2		0.20%
Spiss, slått annen med tange													1	1		0.10%
Annet																
råstoffblokk									1				1	3	5	0.51%
Grand Total	3	1	1	11	19	3	11	1	1	15	458	60	48	345	977	100.00%
%	0.31%	0.10%	0.10%	1.13%	1.94%	0.31%	1.13%	0.10%	0.10%	1.54%	46.88%	6.14%	4.91%	35.31%	100.00%	

Tabell 2 Materialet frå funnkonsentrasjon 2 (36571)



Figur 8 Skrapar, tangespiss og bipolar kjerne frå funnkonsentrasjon 2

omfattande retusj. Truleg er også deler av øksa sin egg bevart i avslagets distale ende, denne har noko bruksspor. Det er også noko bevart cortex på avslagets dorsale side/øksa sin rygg.

Spissen er ein tangespiss som manglar eggen sin. Spissen er tilverka på eit avslag av sort kvartsitt og har ein tange tilverka gjennom lett retusj frå ventral, til dorsal side, langs den eine sidekanten og frå dorsal, til ventral side, langs den andre. Totalt måler den 2 cm i lengde og 1,6 cm i breidde.

Funnkonsentrasjon 3 (ID 39099)

Materialet frå dette området vart katalogisert under Ts16153, med kontekst-ld 39099 (Tabell 3). Det vart samla inn totalt 1014 enkeltgjenstandar,

1011 av desse er avslag. I tillegg vart det identifisert eit fragment, ei kjerne og eit retusjert avslag. Kvartsitt er det dominerande materialet på området og står for 98,6% av materialet, sort er den mest funnrrike kvartsitttypen og står for heile 93,9 % av materialet.

Av dei 1011 avslaga på området er 999 av kvartsitt, ni av flint, to av kvarts og eitt av bergart.

Av kvartsittavslaga er dei aller fleste, med 951 stk., produsert på sort kvartsitt (95,2 %), men vi finn også 43 stk. av typen fin kvartsitt (4,3 %) og 4 stk. av blandet kvartsitt (0,4 %). 724 stk. av desse avslaga er i storleiken 0-2 cm, 242 stk. måler 2-5 cm og 33 stk. måler over 5 cm.

Kjerna er ei uformell plattformkjerne laga på ei mindre blokk av sort kvartsitt. Kjerna har minst to plattformer, kanskje fleire, men det er noko vanskeleg å avgjere kva som er forming/preparering



Figur 9 Plattformkjerne frå funnkonsentrasjon 3

Gjenstand	Bergart	Flint, grå	Flint, lys fin	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Grand Total	%
Primært tilverka									
Avslag	1	2	7	2	5	43	951	1011	99.70%
Fragment		1						1	0.10%
kjerne, plattformkjerne							1	1	0.10%
Sekundært tilverka									
Avslag, rett kantretusj			1					1	0.10%
Grand Total	1	3	8	2	5	43	952	1014	100.00%
%	0.10%	0.30%	0.79%	0.20%	0.49%	4.24%	93.89%	100.00%	

Tabell 3 Materialet frå funnkonsentrasjon 3 (39099)

av blokka og faktisk forsøk på reduksjon. Kjerna har produsert avslag. Råstoffet ser ut til å ha varierende kvalitet og kjerna er forkasta då avslaga har enda i brot eller hengsel (Figur 9).

Den einaste sekundært tilverka gjenstanden på området er eit retusjert avslag av lys fin flint, avslaget har rett kantretusj.

Funnkonsentrasjon 4 (Id 39097)

Materialet frå dette området er katalogisert under Ts16153 med kontekst-Id 39097 (Tabell 4). Området er det mest funnrrike på lokaliteten og består av totalt 1657 enkeltgjenstander. Kvartsitt er det mest nytta råmaterialet med totalt 934 gjenstandar, men flint har også vorte mykje nytta og er representert med 680 enkeltgjenstandar. Bergart, bergkrystall, chert og kvarts er også representert på området.

Avslag og fragment

Avslag er også her den dominerande funnkategorien med heile 1515, av dei totalt 1657 funna. Blant alle dei vanlege avslaga er 79,9 %

(1211 stk.) i storleiken 0-2 cm, 18 % (272 stk.) er i storleiken 2-5 cm og 2,1 % (32 stk.) er over 5 cm.

Av dei 20 avslaga av bergart er to tolka som kantavslag frå økseproduksjon, men sju bergartsavslag til kan sjåast i samanheng med økseproduksjon/oppeskjerping/omforming. Desse avslaga er av same type som kantavslaga og nokre av dei har rest etter sliping. Dei resterande bergartsavslaga er av ein anna type bergart og kan ikkje koplast til øksemateriale.

To mikrostikkelavslag vart også registrert, begge på flint. På det eine av desse er det nytta dobbel mikrostikkelteknikk for å fjerne proksimalen av ei flekke i mørk fin flint. Det andre avslaget er registrert som ein mikrostikkel av grå flint, men kan også vere ein feila mikrolitt. Distalen av flekka er bevart med ein tydeleg retusj langs den eine sidekanten. Retusjen blir tydeleg konkav mot proksimalen og det er her vi finn eit brot. Flekka har nok knekt for nærme proksimalen slik at vi sit att med ein ikkje nytta mikrolitt.

Det vart registrert eitt fragment av brent flint.



Figur 10 Mikroflekkje og flekke frå funnkonsentrasjon 4

Flekkemateriale

Det vart registrert 20 mikroflekkje og 27 flekke på området, dei fleste av flint, men to mikroflekkje er av sort chert og ei flekke er av blandet kvartsitt. Storleiken på flekkene varierer, breidda strekk seg frå 0,9 cm til 1,8 cm og bland dei tre heile flekkene, varierer lengda frå 2,8 cm til 5,7 cm. Av dei fragmenterte flekkene har vi tolv proksimalar, åtte medialar og fire distalar.

Mikroflekkene si breidde varierer frå 0,5 cm til 0,8 cm. Dei tre heile mikroflekkene strekk seg frå 1,6 cm til 1,9 cm. Blandt dei fragmenterte mikroflekkene finn vi sju proksimalar, åtte medialar og to distalar.

Ein stor del av flekkematerialet har rette sidekantar, ein eller fleire ryggar og tydeleg preparering i proksimalen, der denne er bevart (Figur 10).

Gjenstand	Bergart	Bergkrystall	Chert, sort	Flint, bryozo	Flint, grå	Flint, heterogen	Flint, lys fin	Flint, mørk fin	Flint, brent	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Grand Total	%
Primært tilverka																
Avslag	18	1	7	66	307	7	52	75	59	8	458	81	80	296	1515	91.43%
Avslag, bipolar					1		3	1	1		1		1		8	0.48%
Avslag, frontfornyng					3						1				4	0.24%
Avslag, kantavslag	2														2	0.12%
Avslag, mikrostikkel					1			1							2	0.12%
Avslag, plattformavslag					5	1	1	2			1				10	0.60%
Fragment									1						1	0.06%
Flekkje				2	13		4	4	3		1				27	1.63%
Mikroflekkje			2	1	9		2	4	2						20	1.21%
Kjerne, bipolar				3	5		1				2				11	0.66%
Kjerne, plattformkjerne					2						3		2		7	0.42%
Kjerne, uregelmessig											1		2		3	0.18%
Sekundært tilverka																
Avslag, retusjert				1	9		2	4							16	0.97%
Flekkje, retusjert		2		3	3		1		1						10	0.60%
Bor, av avslag			1		1										2	0.12%
Bor, av flekke						1	1								2	0.12%
Emne, spiss													1		1	0.06%
Mikrolitt, lansett							1								1	0.06%
Mikrolitt, udefinert				1			2								3	0.18%
Skraper, av avslag					1				1						2	0.12%
Skraper, av flekke					1										1	0.06%
Stikkel, kantstikkel				2	1	1									4	0.24%
Stikkel, midtstikkel		1													1	0.06%
Meisel													1		1	0.06%
Annet																
Råstoffblokk											1	1			2	0.12%
Knakkestein	1														1	0.06%
Grand Total	21	4	10	79	362	10	70	91	68	8	469	82	81	302	1657	100.00%

Tabell 4 Materialet frå funnkonsentrasjon 4 (39097)

Kjerne og kjernemateriale

Av kjernemateriale er det på området registrert 21 kjerne, ti plattformavslag og fire frontfornyingsavslag.

Elleve av kjernane er bipolare, to av desse er av kvartsitt og dei resterande er av flint. Desse variera litt i form og storleik, men fleire av dei har den meir klassiske puteforma. Fire av kjernane i flint har rest etter cortex (Figur 12).

Sju av kjernane er plattformkjerne, fem av desse er av kvartsitt og to er av flint. Ei av desse kvartsittkjernane (Ts16153.138) er katalogisert

som subkonisk. Denne har fint preparert og fasettert plattform, tilnærma 90° mellom plattform og front, samt negativar frå avlange/flekkeliknande avslag. Denne kjerna verkar vere redusert etter same konsept som koniske flekkekjerne som tradisjonelt er av flint. Tre av dei andre plattformkjernane av kvartsitt verkar ha likt konsept som .138, men desse er ikkje like fint preparerte, eller vedlikehaldne, under reduksjon. Den siste plattformkjerna av kvartsitt er tilverka på eit større avslag. Avslaget ventrale side er nytta som naturleg plattform og kjerna har lav front. På eine området med reduksjon har



Figur 11 Plattformskiver av flint frå funnkonsentrasjon 4



Figur 12 Bipolare flintkjerne frå funnkonsentrasjon 4

ein 90° mellom plattform og front, mens ved det andre området har ein nærare 45°. Kjerna har produsert mindre avslag.

Dei to plattformkjernane av flint er uformelle kjerne. Den eine er tilverka på ein liten knoll og har ca. 50 % cortex. Kjerna er einsidig og har produsert avslag, den vart forkasta då eine avslaga har enda i eit kraftig hengselsbrot. Den siste kjerna er tilverka på eit ruskete avslag som kan vere ein kjernefront eller plattformkant som har vorte omarbeidd. Ein har klart å slå av to avlange/flekkeliknande avslag av kjerna.

Alle dei tre uregelmessige kjernane er avslagskjerne av kvartsitt. Desse ser ikkje ut til å ha noko spesifikt konsept og alle er slått i fleire retningar, frå fleire uformelle plattformar.

Av dei ti plattformavslaga er ni av flint og eitt av kvartsitt. Åtte plattformavslag av flint er plattformskiver, desse er utelukkande fasetterte (Figur 11). Det siste avslaget av flint er ein plattformkant og dette verkar å ha glatt plattform, men det er ein svært liten del av plattform som er slått av, så dette er usikkert. Alle plattformavslaga verkar ha ein vinkel mellom plattform og kjernefront på tilnærma 90°.

Plattformavslaget av kvartsitt har merke etter minst eitt feilslag og kjerna det er slått av har truleg produsert avlange/flekkeliknande avslag.

Vi har fire frontfornyingsavslag frå området, tre av flint og eitt av kvartsitt. Desse har alle hengselsbrot på fronten.



Figur 13 Mikrolittar frå funnkonsentrasjon 4

Sekundært tilverka materiale

Frå området vart det identifisert fire mikrolittar, ein av desse er katalogisert som lansettmikrolitt, dei andre er frakturerte og kan difor ikkje sikkert identifiserast som lansettar, men det er truleg at dei er det. Alle er av flint og har retusj langs den eine sidekanten, ingen har rest etter slagbule eller plattform (Figur 13).

Meiselen er laga av sort kvartsitt, er tverregga med eit noko ovalt tverrsnitt (Figur 14). Den måler 6,1 cm i lengde og er 3,1 cm på det



Figur 14 Meisel av kvartsitt frå funnkonsentrasjon 4



Figur 15 Skeiforma skrapar/skaftskrapar av flint frå funnkonsentrasjon 4

breiaste. Meiselen er delvis slipt. Eggen har anten vorte forsøkt oppskjerpa, eller har gradvis vorte fragmentert under bruk. Meiselen vart forkasta, og det er ikkje spor etter forsøk på ein siste sliping av eggen.

To skraparar av avslag og ein av flekke vart identifisert på området. Av dei to skraparane av avslag er den eine ein skaftskrapar/skeiforma skrapar (Figur 15). Denne er laga av grå flint og måler 6,4 cm i lengde og 4 cm i breidde. Den andre avslagsskraparen er delvis fragmentert, varmepåverka og heilt dekt av cortex på ryggen. Skraparen, tilverka på ei flekke, er eit medialfragment av ei kraftig flekke med konkvav retusj langs den eine sidekanten.

Av dei fem stiklane er fire kantstiklar og ein midtstikkel. Kantstiklane er laga av flint og midtstikkelen av bergkrystall.

Av dei fire bora er to laga av avslag, eitt av chert og eitt av flint, og to av flekke, begge på flint.

Funnkonsentrasjon 5 (ID 39107)

Materialet frå dette området er katalogisert under Ts16153 med kontekst-Id 39107 (Tabell 5). Det vart registrert totalt 230 enkeltgjenstandar på området og 221 av desse er av kvartsitt. Resten av funna fordelar seg mellom bergart (4 stk.), bergkrystall (1 stk.), flint (3 stk.) og kvarts (1 stk.).

Avslag utgjer den største delen av materialet med 92,6 % og flest avslag (59,6 %) er i storleiken



Figur 16 Spissvinkla, einssidig kjerne frå funnkonsentrasjon 5

0-2 cm.

Den einaste reiskapen registrert på området er eit bor på avslag laga av blandet kvartsitt.

Totalt åtte kjerne vart registrert frå området; ei av desse er bipolar, ei er uregelmessig og seks av dei er plattformkjerne, fleire av desse har eit einssidig, spissvinkla konsept. Nokre har berre ei plattform mens andre har to motstående plattformer (Figur 16). Alle kjernane er av kvartsitt.

Det vart også registrert fire råstoffblokker på området, alle desse er testa og forkasta. Tre av dei er av blå kvartsitt og ei av dei er av blandet kvartsitt.

Funn frå resten av flata:

I tillegg til funna frå dei fem funnkonsentrasjonane, plukka vi også inn funn frå testruter på nedsida av tilkomstvegen (sør-aust for tilkomstvegen), samt overflatefunn (Tabell 6). Overflatefunna kjem frå nedsida av vegen, altså rundt testrutene, men også frå området mellom funnkonsentrasjonane 2, 3, 4 og 5. Det vart ikkje funne overflatefunn på den øvre (nord-vestre) del av lokaliteten. Vi fann ingen funn over 51,4 moh.

Primært tilverka materiale

Det vart plukka inn 33 vanlege avslag der 18 var av kvartsitt, ni av flint, tre av kvarts og tre av bergart. To fragment av kvartsitt vart også registrert.

Av kjernemateriale fann vi seks plattformkjerne, ei uregelmessig kjerne, eit plattformavslag og ei ryggflekke.

To av plattformkjernane var av flint (Figur 17). Den eine av desse er etablert på ein liten

Gjenstander	Bergart	Bergkrystall	Flint, grå	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Grand Total	%
<i>Primært tilverka</i>										
Avslag	4	1	3	1	55	43	33	73	213	92.61%
Avslag, bipolar					1				1	0.43%
Avslag, frontfornying					1				1	0.43%
Fragment						2			2	0.87%
Kjerne, bipolar								1	1	0.43%
Kjerne, plattformkjerne					1	2		3	6	2.61%
Kjerne, uregelmessig								1	1	0.43%
<i>Sekundært tilverka</i>										0.00%
Bor, av avslag					1				1	0.43%

Tabell 5 Materialet frå funnkonsentrasjon 5 (39107)

Gjenstand	Bergart	Flint, grå	Flint, lys fin	Flint, mørk fin	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Total	%
<i>Primært tilverka</i>											
Avslag	3	7	2		3	3			15	33	58.93%
Avslag, plattform		1								1	1.79%
Avslag, ryggflekke				1						1	1.79%
Fragment							1	1		2	3.57%
Kjerne, plattform		1		1			1		3	6	10.71%
Kjerne, uregelmessig								1		1	1.79%
<i>Sekundært tilverka</i>											
Avslag, rett enderetusj		1								1	1.79%
Avslag, rett kantretusj		1								1	1.79%
Flekk, rett kantretusj		1								1	1.79%
Bor, av avslag		1								1	1.79%
Emne	1									1	1.79%
<i>Annet</i>											
Råstoffblokk						2	2		3	7	12.50%
Grand Total	4	13	2	2	3	5	4	1	22	56	100.00%

Tabell 6 Materialet frå resten av flata



Figur 17 Plattformkjernane i flint (frå resten av flata)

strandknoll og har ca. 40% cortex. Kjerna er sub-konisk i form, har ei glatt plattform og har produsert avlange/flekkeliknande avslag. Den andre flintkjerna er også sub-konisk i form og har litt cortex bevart i botnen av kjerna. Denne kjerna er laga på ein flint av høgare kvalitet enn den førre og har vorte maksimalt utnytta. Kjerna har fasettert plattform og har truleg vore ei konisk flekkekerne då den har fleire fine flekkebaner bevart. Plattform har også eit kraftig slag midt oppå, dette resulterte berre i at eit lite avslag kom av, men har truleg vore eit forsøk på bipolar reduksjon til sist. Kjerna er heilt oppbrukt.

To av plattformkjernane av kvartsitt (begge av typen sort) er truleg etablert på større avslag der ventralsida fungerer som plattform. Dette resulterer i ei relativt lav kjerne som har produsert mindre/kortare avslag. Den tredje av desse kjernane er mykje meir rotete og kan nok kallast ei rundkjerne/knutekjerne, men det verkar som den, i alle fall i starten av reduksjonen, har hatt ei hovudplattform. Denne er også av typen sort kvartsitt. Den siste er av typen blå kvartsitt. Denne er større enn alle dei andre (største mål 11,5 cm) og er sub-konisk i form, men er ikkje relatert til flekkeproduksjon. Denne kjerna har ei baksida bestående av naturleg overflate, ei preparert plattform og reduksjon rundt ca. 70% av plattformkanten. Kjerna er forkasta då tilnærma alle avslaga har enda med brot eller hengselsbrot.

Den siste kjerna er ei lita uregelmessig kjerne av sort kvartsitt. Denne har også produsert avslag.



Figur 18 Emne, omarbeidd frå øks. (frå resten av flata)

Sekundært tilverka materiale


Av reiskapar har vi registrert retusjerte avslag, retusjert flekke, bor og eit emne.

Dei to avslaga med retusj var begge av grå flint, det eine har rett enderetusj og det andre har rett kantretusj. Den retusjerte flekka var også av grå flint og har rett kantretusj. Boret er etablert på eit avslag av grå flint.


Emnet er truleg ei omarbeidd øks (Figur 18). Den er av usikkert råmateriale, som truleg er svært forvitra. Det er truleg bevart slipefasett på deler av gjenstanden. Gjenstanden er omforma til ein spiss reiskap. Den har «spydspiss-form og -storleik», men er for kraftig for dette formålet. Den er truleg forkasta før ferdigstilling.

Annet

Det vart registrert sju råstoffblokker, kor alle er testa som råstoff. Desse vart plukka inn då dei er omarbeidd av førhistoriske menneske, og fordi vi tidleg fekk ein mistanke om at råstoffa nytta på lokaliteten kan ha opphav frå, nettopp lokaliteten.



Figur 19 Fordeling av råstoff



Figur 20 Fordeling av typer kvartsitt

ANALYSE

PRØVE

Trekullprøve

Vi fekk samla inn tre kolprøver, alle tre vart sendt til analyse og alle ga resultat, vi har difor tre dateringar frå denne lokaliteten (Tabell 7). To av desse gir oss ei datering på ca. 8000 fvt. Dette svarar til eldre steinalder, eller tidleg boreal periode. Den siste prøva ga oss ei datering på 835 – 802 år fvt. Dette svarar til siste del av tidleg metalltid. Lokaliteten vart ikkje prioritert for makro- pollen- eller markkjemiske prøver.

FUNN

Funnspreiing

Funnspreiingskarta viser nokre tydelege ulikskapar mellom dei forskjellige funnkonsentrasjonane.

Det som skil seg mest ut er at vi har ei stor mengde flint i berre ein av funnkonsentrasjonane; konsentrasjon 4. Det er viktig å påpeike at det er meir kvartsitt på dette området (934 enkeltfunn) enn det er flint (680 enkeltfunn), men at dette visast dårleg då vi la den gule fargen over den raude, i figur 19. Dette for å illustrere det faktum at det er denne konsentrasjonen som inneheldt nesten alt flintmateriale frå lokaliteten som heilheit. Det finnast også nokre flintfunn frå området aust/sør-aust for tilkomstvegen. Funnkonsentrasjon 4 er også den einaste der vi finn mikrolittar (Figur 22). Området har også den einaste sikre øksa (meiselen) på området, samt flest stiklar og bor av alle funnkonsentrasjonane.

Vi ser også at funnkonsentrasjon 1 har ei samling kvarts, noko vi finn svært lite av hos dei andre funnkonsentrasjonane. Dette er også det området som har flest spissar; fem tangespissar og ein flateretusjert spiss, alle av kvartsitt.

Funnkonsentrasjon 2 vart ikkje fullstendig undersøkt, men funnspreiingskarta viser likevel nokre tendensar her. Om vi ser på figur 19, så viser det at det er denne funnkonsentrasjonen og funnkonsentrasjon 4 som har nærvær av alle dei ulike råstoffa som er identifisert på lokaliteten. På Figur 20 ser vi at kvartsitten også har ein stor variasjon i undertypar. Dette området er også det andre området på lokaliteten der det er registrert ein spiss (tangespiss).

Hos funnkonsentrasjon 3 har vi nesten utelukkande kvartsittfunn, og ser vi på kart 4, vert det tydeleg at denne kvartsitten i all hovudsak er av sort type, med enkelte innslag av fin kvartsitt. Det er funne ei enkelt kjerne på dette område, som illustrert på kart 5, denne er også av sort kvartsitt.

Funnkonsentrasjon 5 har også i hovudsak kvartsittmateriale, men her er det ei god blanding av typar kvartsitt. Konsentrasjonen har totalt sju kjerne, dette er ei mykje større mengde kjerne enn hos funnkonsentrasjon 3, som har meir enn fire gongar so mykje enkeltfunn, men berre ei enkelt kjerne (Figur 21). Dette reflekterer variasjonen i kvartsittmaterialet på dei respektive funnkonsentrasjonane.


Råstoffbruk

Kvartsitt er det dominerande råmaterialet ved alle dei fem funnkonsentrasjonane, inkludert funnkonsentrasjon 4 (39097), som også har eit større flintmateriale. Lokaliteten inneheldt totalt 7 720 enkeltfunn, av desse er 6 733 av kvartsitt. Dersom ein samanliknar funnkonsentrasjonane med kvarandre er det variasjon i kva for ein type kvartsitt som er den mest funnrrike.


Kvartsittypen blå har ikkje vorte skilt ut ved andre lokalitetar enn Årbogen 2. Vi valte å skilje den ut her då vi hadde merka oss typen ved andre lokalitetar på prosjektet, og når vi opna Årbogen 2 var det tydeleg at typen

Museumsnr	Nat.vit.	Intrasis ID	Funnkontekst	Prøvetype	Datert materiale	C14 alder	Kalibrert alder (94,4%)
Ts16153	TRa-19139	39089	Lita prøve tatt i kvadrant under graving, funnkonsentrasjon 1.	Kull	Betula	8905+-25	8142 – 7960 BC
Ts16153	TRa-19140	36736	Plukka i såld, frå sør-austleg side av tilkomstvegen.	Kull	Betula	8845+-25	8018 – 7817 BC
Ts16153	TRa-19141	36593	Plukka i såld, frå funnkonsentrasjon 4.	Kull	Salix/Populus	2675+-15	835 – 802 BC

Tabell 7 Trekullprøver frå lokaliteten



Figur 21 Fordeling av kjernematerialet



Figur 22 Fordeling av reiskapstypar

opptredde naturleg på denne lokaliteten. Området har store mengder blokker/knollar av ulike typar kvartsitt liggande utover heile lokaliteten, inkludert den blå typen. Under gravearbeidet vart det tydeleg at avlagsmaterialet i kvartsitt i stor grad gjenspeila blokkene/knollane som ligg rundt om på lokaliteten.

Kvartsittkjernane varierer i storleik, men ein trend er at mange kjerne er forkasta mens dei framleis er store. Desse kjernane har gjerne mange avspaltingar som har enda i brot og/eller hengsel. I staden for å slå av kraftige kjernefrontar og starte på nytt på same kjerna, har ein forkasta den. Vi har små, oppbrukte kvartsittkjerne også, men desse har generelt mindre brot og hengslar enn dei som er forkasta når dei framleis er store. Dette tyder på at ein har hatt nok råstoff å velje i til at ein ikkje brukte tid på eit emne som ikkje hadde gode eigenskapar, men når ein hadde eit emne ein var nøgd med, vart det brukt opp. Det er difor rimeleg å anta at all, eller svært mykje av kvartsitten nytta på lokaliteten, er plukka på lokaliteten.

Utanom kvartsitt finn vi kvarts, flint, chert og bergkrystall på lokaliteten. Enkelte knollar med kvarts vart observert rundt om på lokaliteten så kvartsmaterialet kan difor vere frå lokaliteten.

Flint kan i utgangspunktet ha vorte funne på lokaliteten, i morenemassane, men vi har ingen indikasjonar på dette då vi ikkje fann unytta knollar av flint på lokaliteten. Vi har også svært lite prepareringsavslag frå forming av flintkjerne. Vi har noko plattformavslag, men berre ei ryggflekke og ingen opningsavslag frå flintknollar. Vi ser det difor som mest sannsynleg at flinten har vorte tatt med til lokaliteten av menneske.

Chert vart heller ikkje observert blant morenemassane. Chert er kjend frå ulike brot i Nord-Troms og Finnmark, vi reknar det difor som mest sannsynleg at cherten vart tatt med til lokaliteten av menneske. Bergkrystallmaterialet på lokaliteten er svært lite og har også truleg vorte tatt med hit av menneske, vi observerte ikkje noko bergkrystall i morenemassane.

Gjenstandsmaterialet

Materialet frå lokaliteten er stort og variert, men det var likevel mogleg å identifisere ulike typologiske trekk ved funnmaterialet frå nokre av dei ulike funnkonsentrasjonane.

Dei teknologiske aspekta som utpeikar seg frå funnkonsentrasjon 1 er dei spissvinkla, einsidige kjernane, med både ein og to polar, og tangespissane. Desse kjernane har vorte nytta til å produsere irregulære, avlange avslag/flekkeliknande avslag. Alle tangespissane på området er produsert på slike avlange avslag og vi ser difor desse to funnkategoriane i samanheng med kvarandre. Det er likevel viktig å poengtere at dei fleste av desse kjernane er av råstoff som er grovare enn det som er nytta til produksjon av tangespissar, emna frå denne type kjerne må difor ha vorte nytta til andre føremål òg. Kjernane av grovare råstoff er med stort sannsyn produsert på blokker funne på lokaliteten, og slike blokker er det mange av. Det er truleg at ein har forkasta desse kjernane raskare enn dei av meir finkorna og/eller homogen kvartsitt, desse kan ha vorte tatt med vidare og det er grunnen til at vi ikkje finn dei på lokaliteten. Alternativet er at spissane kom til lokaliteten ferdig produserte. To av spissane har brot i eggen som kan vere bruksskade. Kanskje har ein vore innom lokaliteten på veg heim frå jakt for å produsere nye spissar, som ein har tatt med seg vidare medan ein har kasta frå seg dei gamle?

Avslagsproduksjon på plattformkjerne, både spissvinkla, einsidige og meir uformelle typar, har vore hovudmålet ved denne funnkonsentrasjonen. Vi har innslag av bipolar teknikk med ei puteforma, bipolar kjerne. Det er likevel ikkje ein utstrekt strategi ved funnkonsentrasjonen. Det vart også funne ein flateretusjert spiss med rett basis av ein sort kvartsitt med tilsynelatande god kvalitet. Denne skil seg frå resten av materialet og er vanlegvis ikkje funne ilag med tangespissar. Tangespissar er oppfatta som ein av dei tidlegaste funnkategoriane i Nord-Noregs steinalder. I Finnmark er desse registrert på lokalitetar frå før 9000 f.Kr. (Berg-Hansen, 2017). Typologisk tolkar vi materialet frå denne funnkonsentrasjonen til å vere det eldste på lokaliteten. Vi har ei C14-datering frå området på 8142-7960 kalibrert f.Kr. Dette er den eldste datering på lokaliteten og vi meiner funnmaterialet må vere minst so gammalt.

Funnkonsentrasjon 2 vart ikkje grave ut slik som dei andre funnkonsentrasjonane, så materialet herifrå er ikkje komplett. Vi ser likevel at variasjonen i råstoff er større enn i

funnkonsentrasjon 1. Området har ei bipolar kjerne av bergkrystall, men ingen avslag eller noko anna materiale i dette råstoffet. Dei fem andre kjernane er av kvartsitt og er uformelle i si utforming, desse har produsert avslag. Dette tyder på at avslagsproduksjon har vore ein prioritet på dette området òg. Vi fann også ein tangespiss av kvartsitt og ein skrapar tilverka på eit avslag (eller fragment) av ei skiveøks. Skiveøksa er generelt datert til den eldste delen av eldre steinalder, og er ein funnkategori som gjerne opptrer saman med tangespissar i Nord-Noreg. Denne funnkonsentrasjonen kan difor vere av liknande alder som funnkonsentrasjon 1.

Funnkonsentrasjon 3 skil seg frå dei andre områda ved at materialet er nesten utelukkande kvartsittavslag og 95% av desse igjen er av typen sort kvartsitt. Det vart funne ei enkelt kjerne på dette området, og det er ei plattformkjerne i sort kvartsitt. Det er nærliggande å tenke at den store mengda sorte kvartsittavslag kjem frå denne kjerna, og at dette området i hovudsak representerer ein reduksjonssekvens. Det skal likevel nemnast at det vart funne endå ei plattformkjerne av sort kvartsitt rett sør for konsentrasjonen, og det er sannsynleg at denne også høyrer til slik at det er snakk om to reduksjonssekvensar av sort kvartsitt på området. Her er det truleg gode moglegheiter for samanføyning, men det vart ikkje gjort forsøk på dette under etterarbeidet.

Funnkonsentrasjon 4 er det området med størst variasjon i både råstoff og reiskapstypar. Det materialet som skil seg mest ut her er flekkematerialet og mikrolittane. Flekkematerialet er ikkje stort med 20 mikroflekkje og 27 flekke, men dei er generelt svært uniforme med ein eller fleire ryggar og rette sidekantar. Materialet vitnar om ein standardisert reduksjonsteknikk. Vi har ingen kjerne frå området som tydeleg har vore nytta til produksjon av standardiserte flekke. Dei to plattformkjernane vi har, som er av flint, har produsert avlange/flekkeliknande avslag. Det er likevel registrert ein del plattformavslag (skiver) og frontfornyingsavslag i flint, som ser ut til å komme frå koniske, eller tilnærma koniske flekkekjerne. Dei fleste av desse har fasettert plattform, dette vitnar om nærvær av det austlege flekkekonseptet (Manninen et al., 2021). Vi har fleire bipolare flintkjerne med god

kvalitet. Vi ser det som sannsynleg at desse kjernane har vore andre typar kjerne fyrst, for så å ha vorte redusert bipolarart som del av ein maksimeringsstrategi. Dette på bakgrunn av mangelen på flekkekjerne, til tross for plattform- og frontfornyingsavslag frå slike kjerne, og fordi alle flintkjernane er oppbrukte. I likskap med alle dei andre funnkonsentrasjonane har vi her ei mengde plattformkjerne og nokre uregelmessige kjerne i kvartsitt som alle har produsert avslag. Ei, moglegvis to, av desse kjernane har produsert fine avlange/flekkeliknande avslag. Dette er også den einaste funnkonsentrasjonen der vi har registrert ein knakkestein. Denne har eit største mål på 4,3 cm. Reiskapar er tilverka på både flekke og avslag. Det vart registrert fleire avslag av bergart som mogleg kjem frå økseproduksjon. Ein skeiforma skrapar (også kjent som skaftskrapar) av flint og ein delvis slipt meisel av kvartsitt, vart også funne på området. Desse to gjenstandane skil seg frå resten av materialet og opptrer generelt ikkje saman med dei resterande funnkategoriene som er registrert på området. Økse materialet er vi noko usikre på då vi har generelt lite oversikt over typologien, utbreiinga og dateringa på denne gjenstandstypen i regionen.

Sjølv om flintteknologien på området skil seg frå alle dei andre funnkonsentrasjonane, har kvartsitteknologien vore svært viktig her òg. Avslagsteknologien liknar på teknologien funne på dei andre funnkonsentrasjonane, og består av same typane kvartsitt – nemleg dei typane vi finn naturleg på lokaliteten. Flekketeknologien og mikrostiklane tyder på at materialet er frå eldre steinalder, men noko yngre enn materialet frå funnkonsentrasjon 1. Det er ei C-14 datering frå dette området datert til 835-802 kalibrert f.Kr. Denne dateringa ser vi i samanheng med den skeiforma skraparen og truleg den delvis slipte meiselen. Denne dateringa passar også godt med den flateretusjerte spissen frå funnkonsentrasjon 1. Skeiforma skrapar og flateretusjerte spissar er, i Sør-Noreg, vanleg inventar i funnmateriale frå bronsealder.

Funnkonsentrasjon 5 er det minste området på lokaliteten, og består i all hovudsak av kvartsittmateriale bestående av kjerne og avslagsmateriale. Her er det likevel stor variasjon i råmateriale i forhold til storleiken på konsentrasjonen. Det er mogleg

at denne konsentrasjonen heng saman med funnkonsentrasjon 4 sjølv om det er mangel på flintmateriale her. Det er ikkje snakk om ein, potensielt to, heile reduksjonssekvensar slik som ved funnkonsentrasjon 3.

Frå resten av lokalitetsflata har vi ei blanding av materiale og det er difor umogleg å setje dette materiale i nokon større samanheng, eller dra nokre slutningar frå dette. Vi har likevel ei C-14 datering frå ei av prøverutene på sør-austleg side av tilkomstvegen, denne er datert til 8018-7817 kalibrert f.Kr. Frå forundersøkingane vart det funne ei konisk flekkekerne 3-4 m nord for denne dateringa. Dateringa og flekketeknologien frå funnkonsentrasjon 4 passar godt saman.

TOLKING

Årbogen 2 er ein stor lokalitet med eit variert funnmateriale frå fleire ulike tidsperiodar. Lokaliteten verkar likevel å ha hatt ein felles funksjon i alle bruksperiodane, nemleg som stad for råstoffinnsamling. Vi er per i dag ikkje oppmerksom på andre lokalitetar i Troms og Finnmark der ein aktivt har henta ut råstoff frå morenemassar. Det er derimot fleire kjende brot i Finnmark der ein har henta ut råstoff i blokker ved å bryte desse frå fast fjell. Det mest kjende brotet er kanskje chertbrotet i Melsvik, Alta. (Niemi et al., 2019). Kanskje har kvartsitten som vart nytta på andre lokalitetar i Tjeldsundet vorte henta på Årbogen 2? Det som kanskje er meir sannsynleg er at vi finn desse kvartsittypene deponert fleire stader langs Tjeldsundet i morenemassar, vi har berre ikkje lokalisert desse. På NGU sitt geologiske kart over lausmassar ([NGU], u.å.) ser ein at det er svært mykje morenemassar i området.

Dette gjev oss ny innsikt i førhistorisk strategi for akkumulering av råstoff. I dei eldste periodane, der lokaliteten var i bruk, har truleg morenemassane vore godt synlege frå sundet, dersom ein reiste igjennom med båt. I dei seinare periodane vil havnivået ha vore mykje lågare og vegetasjonen har truleg begynt å gjere inntog, dette vil ha gjort morenemassane mindre synlege frå vassvegen. Det er difor vanskeleg å sei om utnyttinga av desse massane som ei kjelde til råstoff har vore opportunistisk eller strategisk, eller ein kombinasjon av begge. Vi meiner også at lokaliteten ikkje har hatt funksjon som bustad eller at menneske har oppheldt seg her over tid.



Figur 23 Vasstand ved 47,5 m over dagens havnivå.



Figur 24 Vasstand ved 44 m over dagens havnivå.



Figur 25 Vasstand ved 9,5 m over dagens havnivå.

Dette baserer vi på mangelen av busetjingsspor som bustadstrukturar og eldstadar. Lokalitetens undergrunn har truleg gjort at det er svært dårlege bevaringsforhold på lokaliteten, og vi har nokre få tilfelle av varmepåverka flintmateriale frå funnkonsentrasjon 4. Det betyr at det er stor sannsyn for at det har vore minst ein eldstad på området, men i seg sjølv er ikkje dette teikn på opphald over tid.

Lokalitetens plassering i landskapet er ved fyrste augekast ganske atypisk. Lokaliteten ligg, som nemnt tidlegare, midt i ei stor og slak fjellskråning på ca. 50 m over dagens havnivå. I desember 2022 kom det ein ny rapport frå NGU som omhandla strandforskyving i Tjeldsundet (Romundset, 2022). Her vart det presentert tre nye kurve frå Tjeldsund-området, desse nytta vi til å lage nokre modellar med fortidas havnivå for Årbogen 1 og Årbogen 2.

Her ser vi at ved den eldste dateringa var faktisk strandsona på den nedste delen av lokaliteten (Figur 23), altså heilt typisk plassering. Berre nokre hundre år seinare (100-300 år) har havnivået forlate lokalitetsavgrensinga, men ein er framleis ganske nære strandsona og morenemassane vil ha vore godt synlege frå fjæra (Figur 24). Når vi kjem til den yngste dateringa, ca. 7300 år seinare, ser landskapet svært annleis ut. Strandsona har flytta seg fleire hundre meter vekk frå lokaliteten (Figur 25). Vi ser på illustrasjon 20 at det var ei fin lita bukt sør-aust for lokaliteten, og dei førhistoriske menneska vil ha hatt ei fin og roleg hamn for båtopptrekk med lett tilgang til skog- og fjellområde, frå denne hamna.

Årbogen 2 er ein stor lokalitet med eit variert funnmateriale frå minst to periodar. Det er materialet frå eldre steinalder som er det mest funnrike og framståande på lokaliteten. Dette gjer det svært interessant å prøve å plassere Årbogen 2 i ein meir overordna kontekst blant andre lokalitetar som har liknande materiale, eller er datert til same tidsperiode.

Som tidlegare nemnt er det fleire lokalitetar i Tjeldsund-området som kan daterast til omtrent same tidsperioda. Samla gjer desse lokalitetane oss nytt innsyn i den typologiske tidslina og utviklinga i området.